

## "EIN GOD MATCH - UNGDOMMEN MØTER NÆRINGSLIVET!"

Hjelmeland kommune/Hjelmeland Naturlegvis! inviterer næringslivet i Hjelmeland til eit påskearrangement, kor fokuset er å skape eit treffpunkt for ungdom der dei møter lokale bedrifter.

Me måtte avlyse det planlagde arrangementet i romjula p.g.a. Covid-19 restriksjonane, men nå vil me i staden invitere næringslivet og ungdommen til ei påskesamling

### **12. april kl 17:00 - 19:30 i Hjelmeland Samfunnshus**

På dette arrangementet vil din bedrift få moglegheit til å vise ungdommen

- kva bedrifta driv på med
- kva for kompetanse de etterspør
- kva for arbeid du har å tilby dei rette kandidatane i form av sommarjobbar, lærlingplassar eller faste jobbar

Det er vårt ønske at dette kan bli eit årleg treff for ungdommen. Me håpar å kunne bidra til å freiste ungdommen (som anten skal starte på si utdanning, er i utdanning eller som er i jobb utanfor kommunen) til å oppfatte Hjelmeland som attraktiv slik at dei vil bu og jobbe her i framtida.

Det er mange ulike og interessante jobbar i Hjelmeland, men kor lett er det for ungdommen å få oversikt over kva for jobbar som finnast? Eller å kome i kontakt med moglege framtidige arbeidsgivarar? Arrangementet er meint å hjelpe ungdommane med å bygge nettverk og samstundes få ei oversikt over kva for sommarjobbar, lærlingplassar og attraktive faste jobbar som finnast i Hjelmeland.

### **Vil de vera med å presentere dykkar bedrift?**

Me håpar at mange vil vere med og presentere seg på dette arrangementet, og slik vere med på å skape eit møtepunkt for ungdommane.

Vil de vere med, kan dykk presentere bedriften og kva dykk har å tilby ungdommen anten med nokre ord i plenum og/eller ved å ha ein stand på arrangementet.

### **Foreløpig program for arrangementet:**

Kl. 17:00-18:30

Lokale bedrifter presenterer seg (maks. 10 min. kvar), samt fortel om kompetansen dei søker og jobbar dei kan tilby ungdommen (somaljobb, lærlingplass, fast jobb).

Kl. 18:30-19:30

Matsservering (pizza), bedriftsstander og mingling.

### **Påmeldingsfrist 31. mars:**

Me håper at mange ungdommar lar seg freiste av eit arrangement kor dei kan treffe både lokalt næringsliv og kvarandre.

Vil du vera med å visa ungdommen kva jobbmoglegheiter som finst i Hjelmeland? Meld deg på NO til:

E-post: [jan.sverre.grimstad@hjelmeland.kommune.no](mailto:jan.sverre.grimstad@hjelmeland.kommune.no) | Telefon: **404 39 012**